



Sakshandsamar: Grete Haugan  
Telefon: 57 64 31 48  
E-post [fmsfgha@fylkesmannen.no](mailto:fmsfgha@fylkesmannen.no)

Vår dato  
04.07.2016

Vår referanse  
2015/1409  
Rapportnummer  
2016.041.I.FMSF

Florø Brannvesen  
6900 Florø

## Tilsyn ved brannøvingsfeltet ved Florø lufthamn - krav om retting av avvik –gebyr

Rapporten omhandlar funn som kontrolløren kunne observere eller på annan måte fekk kjennskap til under tilsynet. Funn vert omtalt som *avvik* frå krav i ureiningslova med forskrifter, *merknader* om forbetningspunkt eller *andre forhold* som kan vere viktig å omtale nærare. Rapporten omtalar også vedtak om kontrollgebyr.

Kontrolldato: 29.06.2016	
Til stades under kontrollen Frå Florø Brannvesen: Eivind Ask Frå Avinor Siv Merete Stadheim (på brannøvingsfeltet)	Frå miljøvernavdelinga hos Fylkesmannen: Dagny K. Ugulsvik Alvik Grete Haugan
Desse hovudtema vart kontrollert: <input type="checkbox"/> Internkontroll (ytre miljø) <input type="checkbox"/> Risikovurdering <input type="checkbox"/> Utslepp til luft eller vatn <input type="checkbox"/> Støy <input checked="" type="checkbox"/> Løyvet med vilkår <input type="checkbox"/> Forskriftskrav <input type="checkbox"/> Anna:	<input type="checkbox"/> Avfallshandtering ordinært avfall <input type="checkbox"/> Handtering av farleg avfall (merking, emballering, mellomlagring, levering) <input type="checkbox"/> Handtering av kjemikal (klassifisering, merking, emballering) <input type="checkbox"/> Sikkerheitsdatablad <input type="checkbox"/> Substitusjon
Bakgrunn for kontrollen: <input type="checkbox"/> Frekvensbasert inspeksjon <input type="checkbox"/> Frekvensbasert revisjon <input type="checkbox"/> Kontrollaksjon <input type="checkbox"/> Ny verksemd (ikkje kontrollert før) <input type="checkbox"/> Nytt løyve (ikkje kontrollert før)	<input type="checkbox"/> Oppfølging av eigenrapport <input type="checkbox"/> Oppfølging av klage/hending/tips <input checked="" type="checkbox"/> Oppfølging av siste kontroll <input type="checkbox"/> Kartlegging <input type="checkbox"/> Anna:

### Hovudfunn frå kontrollen

Det vart påvist 2 avvik frå ureiningsregelverket, og det vart gitt 2 merknader. Melding om retting av avvik må vere send til Fylkesmannen innan **1.oktober 2016**.

Rapporten vert vurdert som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil eller mistydingar innan to veker etter at rapporten er motteken. Varsla kontrollgebyr vert då send frå Miljødirektoratet for innbetaling til staten.

Med helsing

Dagny K. Ugulsvik Alvik  
senioringeniør

Grete Haugan  
senioringeniør

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift*

Kopi av rapporten vert sendt til:

Avinor Florø Lufthamn

**1. Informasjon om verksemda:**

Stad (namn på anlegg): <b>Brannøvingsfelt ved Florø Lufthamn</b> Ansvarleg verksemd: <b>Flora kommune v/ Florø Brannvesen</b>	Verksemdnr.: <b>935473578</b>
Kontaktperson: <b>Eivind Ask</b>	Anleggsnr. og anleggsaktivitet: <b>1401.0114.02 Brannøvingsplass</b>
<input type="checkbox"/> ISO 14001-sertifisert <input type="checkbox"/> EMAS-registrert	Løyvedato og internt nr.: <b>07.07.2005 2005.0254.T</b>
Risikoklasse: <b>ikkje fastsett</b>	Gebyrsats etter § 39-6 i ureiningsforskrifta: <b>kr. 4800,-</b>

**2. Om kontroll frå ureiningstilsynet**

Kontrollen vart gjennomført den 29.06.2016 for å granske om gjeldande krav fastsett i eller i medhald av ureiningslova vert haldne.

Rapporten inneheld omtale av avvik og merknader innan dei granska områda av ureiningsregelverket der Fylkesmannen har tilsynsansvar. Vi vil gjere merksam på at ikkje *alle* sider av verksemda som kan ha noko å seie for ytre miljø vart granska ved kontrollen. Verksemda må sjølv aktivt utøve internkontroll, avdekkje feil og manglar setje og i verk nødvendige tiltak.

Definisjonar

<b>Avvik</b>	Brot på krav som er fastsett i eller med heimel i helse-, miljø, og tryggleikslovgivinga. (Døme er brot på krav i ureiningslova eller produktkontrolllova, forskrifter til lovene, utsleppsløyve, og verksemda sine eigne rutinar som er nødvendige for å stette styresmaktene sine krav.)
<b>Merknad</b>	Tilhøve som tilsynsetatane meiner det er nødvendig å peike på for å ivareta helse, miljø og tryggleik, og som ikkje vert omfatta av definisjonen for avvik. Brot på eigne rutinar som inneheld strengare krav enn lovkrava, kan verte omtala som merknad. Merknadar kan gje grunnlag for enkeltvedtak med krav om tiltak.

Vi gjer merksam på at ein kan finne oversikt over miljølovverket på [www.lovdatab.no](http://www.lovdatab.no) eller vist til frå [www.miljodirektoratet.no](http://www.miljodirektoratet.no) (sjå under *regelverk*). Dei viktigaste HMS-krava finn ein på nettstaden [www.regelhjelp.no](http://www.regelhjelp.no). Reglane om gebyrinnkrevjing finn ein under kap. 39 i ureiningsforskrifta.

**3. Oppfølging etter kontrollen**

Verksemda pliktar å rette opp avvika som er omtalt i rapporten så snart som råd. Verksemda må også gå nøye gjennom merknadane og vurdere kva for tiltak som er aktuelle og nødvendige for å tilfredsstillere krav etter HMS-lovgivingane. Merknader kan gje grunnlag for pålegg.

For å kunne kontrollere at avvika er retta opp, ber vi om at verksemda skriftleg melder attende at tilhøve er kome i orden, og at ein gjer greie for dei gjennomførte tiltaka eller dato/ar for planar for gjennomføring innan **1.oktober 2016**.

Innan same dato ber vi om at verksemda gjer greie for sine vurderingar og eventuelle utbetringar i tilknytning til våre merknadar.

Fylkesmannen ventar at verksemda legg ved dokumentasjon på gjennomførte tiltak. Fysiske endringar bør dokumenterast med foto. Dersom de meiner at det ikkje let seg gjere å rette opp avvika innan den nemnde datoen, må de skriftleg gjere greie for årsaka *før* fristen for attendemelding.

#### Orientering om tvangsmulkt

Dersom verksemda ikkje gjev tilbakemelding innan fristen, kan Fylkesmannen varsle tvangsmulkt til staten. Vedtak om tvangsmulkt vert nytta for å sikre gjennomføring av tiltak, og vi ønskjer å unngå å måtte be om inndrivning av forfallen tvangsmulkt.

#### **4. Gebyr for kontroll med verksemd med utsleppsløyve**

Brannøvingsfeltet har utsleppsløyve, men er ikkje blitt plassert i risikoklasse i samband med løyveprosessen. Det vil difor for denne kontrollen bli kravd gebyr etter **risikoklasse 4**.

Det vil seie at verksemda etter gjeldande sats i § 39-6 i ureiningsforskrifta skal betale eit gebyr på **kr. 4800,-** til staten for den gjennomførte kontrollen. Miljødirektoratet vil seinare sende ut faktura for innbetaling til statskassa.

#### **Varsel om plassering i risikoklasse**

På bakgrunn av type aktivitet, risikoen for utslepp og plasseringa nær sjø, vurderer vi å plassere verksemda i **risikoklasse 3**.

Klassifiseringa vil ikkje ha noko å seie for behandling av ev. søknadar, men vil seie at gebyr for ein inspeksjon eller revisjon går fram av § 39-6 (kontroll som varer inntil ein dag) eller § 39-8 (systemrevisjon).

Vedtak om risikoklasse vil bli gjort i eige brev.

#### **5. Offentlegheit av rapport**

Rapporten vil verte tilgjengeleg for innsyn via Fylkesmannen sitt elektroniske arkiv, jf. offentlegheitslova.

## 6. Avvik

Desse avvika vart påvist under kontrollen:

---

**Avvik 1 Internkontrollen for den samla aktiviteten på brannøvingsfeltet kan forbedrast**

**Avvik frå:** Internkontrollforskrifta §5, 2.ledd og §6

**Kommentarar:**

**Det er ikkje gjennomført miljørisikovurdering av all aktivitet ved brannøvingsfeltet.**

Florø Brannvesen har kartlagt ein del aktivitetar på brannøvingsfeltet som kan medføre fare for ytre miljø, men det er ikkje gjennomført ei felles miljørisikovurdering for den samla aktiviteten som brannvesenet og Avinor har på feltet. Fylkesmannen viser til at dette også vart kommentert etter førre tilsyn.

**Samordning**

Utsleppsløyvet for brannøvingsfeltet er gitt til Florø Brannvesen, men både Florø Brannvesen og Avinor har mykje aktivitet ved feltet. Det er avtalt ei viss arbeidsdeling mellom dei to aktørane, men dette er ikkje dokumentert i nokon skriftleg avtale. Det er heller ikkje noko fast møtepunkt mellom dei to aktørane der oppfølging av internkontroll og krav i utsleppsløyvet er tema.

---

**Avvik 2 Oske er ikkje levert til godkjent avfallsmottakar**

**Avvik frå:** *Utsleppsløyve datert 07.07.2005 med endring datert 05.12.2005, pkt. 5*

**Kommentarar:**

Oske og forbrenningsrestar frå brenning av trevirke er ikkje levert til godkjent avfallsmottak, og har tidlegare vore lagra i ein haug ute eller seinare i ein ope container på brannøvingsfeltet.

Det må avklarast om denne oska er ordinært avfall eller farleg avfall.

## 7. Merknader

Følgjande tilhøve ga grunn til merknadar under kontrollen:

---

**Merknad 1 Rutine for oppfølging av oljeutskiljar bør forbedrast**

**Kommentarar:**

Ved etablering av brannøvingsfeltet vart det opplyst at oljeutskiljaren skulle vere godt dimensjonert for aktiviteten ved feltet. Under prøvetaking i 2012, samstundes med at det var øving på feltet, vart det observert mykje turbulens i tanken, og analyser synte oljeverdiar langt

over grensa i utsleppsløyvet. Det er uklart korleis dette er følgt opp, og om dette kan skuldast at oljeutskiljaren har for liten kapasitet.

Det er Avinor som tek prøvar av oljeutskiljaren på brannøvingsfeltet. Utsleppsløyvet set krav om minimum to prøvar av avløpsvatnet kvart år. Prøvane kan vere stikkprøvar, skal takast av avløpsvatnet etter reinsing, og vere representative for normal drift. Konsentrasjonen av olje (upolare oljesambindingar) i avløpsvatnet skal ikkje overstige 50 mg pr. liter. Det er Florø Brannvesen som løyvehavar som er ansvarleg for oppfølging av eventuelle overutslepp.

Rutine og ansvarsfordeling for oppfølging av oljeutskiljar bør vere del av ein skriftleg samordningsavtale mellom Florø Brannvesen og Avinor, jf. avvik 1.

---

## **Merknad 2 Pulver frå brannsløkkingsapparat**

### **Kommentarar:**

Pulver frå brannsløkkingsapparat vert levert som ordinært avfall. De må gjennom datablad eller liknande kunne dokumentere at dette ikkje er farleg avfall.

## **8. Andre tilhøve**

### Årsrapport

Vi minner om at løyvet set krav om at de for kvart driftsår skal rapportere til Fylkesmannen bruk av brennstoff (mengde og type), tal øvingsdøgn og resultat av avløpsprøvene. Når de no har fått på plass loggar og registreringar for all aktivitet på brannøvingsfeltet, går vi ut frå at årsrapport for 2016 vert sendt til Fylkesmannen innan 1. mars 2017.